

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 21.03.2007
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Kristine Enger
Saka gjeld: **Forskningsprogram for russektoren**

Styresak 033/07 O

Administrerende direktør si orientering pkt 2

Styremøte 11.04. 2007

Bakgrunn

I 2005 gav Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger ein programkomité i oppgåve å lage eit forskningsprogram for russektoren. Komiteen skulle kartlegge forskingsaktivitet og samarbeidsrelasjonar innan russektoren i regionen og utarbeide eit forslag til program med tiltak for å styrkje forskinga på kort og lengre sikt.

Programkomiteen gav si tilråding 29. mai 2006 og forskningsprogrammet blei handsama i Det regionale samarbeidsorganet 12. juni 2006 og 13. september 2006. Forskningsprogrammet framkalla interesse for rusforskning både i forskingsmiljøa og i dei kliniske miljøa. Programmet peikar på kor viktig det er å etablere eit forskingsnettverk innan rusforskning, ein drivkraft som kan få til den nødvendige utviklinga innan sektoren.

Om forskningsprogrammet

Russektoren er eit område med relativt lite forskning. Difor byggjar det kliniske arbeidet innan russektoren i dag i liten grad på vitskapleg dokumentasjon. Programkomiteen fant likevel at det hadde vore, og framleis var, ein aktiv rusforskningstradisjon i regionen. Men miljøa var små og personavhengige og det mangla eit organisert rusforskningsmiljø, eit klårt fagleg og akademisk tyngdepunkt. Samarbeide mellom universiteta og dei kliniske miljøa hadde vore betre tidlegare, og kunne med fordel styrkast slik at faglege innspel blei utveksla og forskinga koordinert mot felles, langsiktige mål.

Programkomiteen tilrår på kort sikt å prioritere eit systematisk arbeid med samordning og kompetanseheving innan sektoren for å kvalitetssikre behandlingstiltaka i regionen. Til dømes i form av utprøving av evidensbaserte behandlingstiltak, felles registreringssystem som kan gi grunnlag for FOU-aktivitet, styrking av rettleiarfunksjonen og forpliktande avtaler om deltaking i felles forskningsprosjekt institusjonane imellom. På lengre sikt tilrår dei å etablere eitt felles rusforskingssenter for regionen.

Oppfølging

Som ei oppfølging av dette valde Helse Vest RHF, med støtte frå Det regionale samarbeidsorganet, å etablere eit regionalt kompetansesenter for tverrfagleg spesialisert rusbehandling etter vedtekne kriteria for etablering av regionale kompetansesentra (styresak 28/07 B og styresak 78/03 B). Det regionale kompetansesenteret, som er lokalisert ved

Psykiatrisk klinikk i Helse Stavanger HF, vil starte opp arbeidet i løpet av våren 2007. Det nye regionale kompetansesenteret legg forskningsprogrammet for russektoren til grunn for sitt arbeid.

Helse Vest RHF arrangerer 16. mai 2007 ei regional samling for alle einingane innan spesialisert rusbehandling. Der skal det nye regionale kompetansesenteret presentere seg for dei kliniske miljøa samla.

Nasjonal satsing

Norges forskningsråd har etablert eit eiga program for rusmiddelforskning. I 5-10 år framover vil dei lyse ut midlar på 20 mill. kroner pr år. I tillegg har Forskningsrådet avsett ca. 10 mill. kroner til eit universitetssenter med 4-5 faste vitskapelege stillingar. Dette forskingssenteret skal vere eit hovudmiljø for rusmiddelforskning i Noreg, og i tillegg til forskning tilby undervising og rettleiing av mastergradsstudentar og doktorgradsstudentar innan sektoren.

Universitetet i Bergen sende inn ei søknad til Forskningsrådet om eit nasjonalt forskingssenter innan søknadsfristen 30. november 2006. Andre søkjarar er Universitetet i Oslo og Universitetet i Tromsø. Søknaden frå Universitetet i Bergen vart utarbeida av ei fleirfagleg gruppe, med deltakarar både frå medisinsk, psykologisk og samfunnsvitskapeleg fakultet.

Norges forskningsråd fortel at dei vil gi ei avklaring om kven som får det nasjonale forskingssenteret innan sommarferien. Søknadane blir no vurderte av ein internasjonal komité.

Vurdering

Forholda er no lagt til rette for auka forskningsaktivitet og styrka samarbeidsrelasjonar innan spesialisert rusbehandling i Helseregion Vest. Det vil likevel ta tid å få fram forskning av god, internasjonal kvalitet innan russektoren (publikasjonar i internasjonale tidsskrift med peer review-ordning).

Det er viktig å følgje nøye med i den vidare utviklinga.